

Innspel til VGU sitt årsmøte, 13.mars 2025

Tankar om planforslaget for Dommersnes:

- Planane, slik dei ligg føre, er alt for omfattande og inngripande for Vikebygd og Ålfjorden. Ei fullskala utbygging vil forringa fleira av dei viktigaste kvalitetane me har, og vegen fram mot eit fullskala anlegg vil gjera at me vil måtte bu i eit knuseverk i opp mot 10 år.
- I utbyggingstida vil me oppleva auka tungtransport (opp mot 35 lastebillass pr dag), samt auka pendling. Dette vil belasta ein allereie svært utfordrande kjøreveg endå meir. Sjølv om det er forståing hjå RFK, så har dei ikkje midlar til å utbetra vegen tilstrekkeleg, og eg meiner at det burde vore ein føresetnad at vegen er utbetra før ein går i gong.
- I KU om folkehelse blir det sagt noko om tilflytting, og at dei anser det som sannsynleg at prosjektet vil medføra tilflytting. Dei er derimot tydelege på at dette er usikre anslag og at det er veldig mange faktorar som spelar inn. Dei sие også at prosjektet kan medføra fråflytting.

Eg tenkjer det er store moglegheit for negativ befolkningsutvikling, enn auka. Det er 30-40 år sidan man flytta etter industriarbeidsplassane. Det er andre kvalitetar enn nærleik til arbeidsplassen som no er viktige for kvar ein vel å busetja seg. Om ein ikkje verdsett nærleik til kommunale tenester, fritidsaktivitetar, butikkar osv, så er det kvalitetar som nærleik til natur, fjord, fjell, og oversiktelege og gode oppvekstvilkår som er avgjerande. Dette er kvalitetar me har i Vikebygd i dag, og som vil kunne forsvinna ved ei full utbygging. Ølensvåg og Ølen er gode eksemplar på at nærleik til industriarbeidsplassen ikkje er viktig nok; Dei ligg midt i «smørauga» for store industriaktørar med mange tilsette. Likevel er det masse ledige boligtomter i Vågshagen. Hadde det ikkje vore for flyktningar og utanlandsk arbeidskraft (gjerne på kortare kontraktar), så hadde det vore negativ befolkningsutvikling i Ølen og Ølensvåg.

Sjå til Skjold, Vats og Sandeid. Dei har andre og viktigare kvalitetar som gjer at folk vil bu der, og opplev ein «baby-boom».

Tala på kor som Norconsult viser til som moglege tilflyttarar er veldig små. Eg kan garantera at me vil få fleire tilflytterar utan den store industriutviklinga. Dette er ungdom/unge vaksne som vil flytta heim igjen, og personar som søker «Noko anna». Fleire av desse vil me heilt sikkert miste ved ei fullskala utbygging. (Longt avsnitt, men vanskeleg å vera kort

- Elles er eg einig i mykje av det BÅP legg fram, og meiner også at ei utvikling innanfor området som allereie er berørt hadde vore flott. Det trur eg kunne vore svært positivt for bygda. Ei utbygging som står i stil med natur, fjell, fjord og folk.
- Vindafjord Kommune går svært godt, og har bunnsolide, store bedrifter. Noko av grunnen til at kommunen går godt, er at dei blant anna har ofra noko natur- og fjordareale til industrien. Me treng ikkje ofra endå meir. Me har råd til å ta vare på eit produkt som stadig blir meir og meir sjeldan; urørt og flott fjord-/kystlandskap.

